

Årsmelding for 2012

Styret

Årsmøtet for 2012 vart halde 5 februar i skulen på Horstad.

Styret i Naustedalen Spelemannslag 2012 har vore samansett slik: Rigmor Bjørkedal, leiar. Oddleiv Hjellum, kasserar. Signe Mehl, studieleiar. Målfrid Marie Bruland, styremedlem. Anne-Helen Leknes, styremedlem. Vararepresentantar til styret: 1.vara. Sigvor Mortensbakke 2.vara. Solfrid Carlsen. Valnemnd: Marit Fimland og Magn Stuhaug. Interne revisorar: Per-Kristian Langlie og Irene Kjøsnes Bu.

Styret har hatt 4 møte sidan sist årsmøte.

Medlemmer

Medlemstalet i 2012 er 61 medlemer, der 51 er betalande medlemer og 10 medlemer som ikkje har betalt enno.

Medlemene i laget fordelar seg på instrumenta slik:

Hardingfele: Einar Eimhjellen, Kjell Arne Teigen, Magn Stuhaug, Ingrid Stuhaug, Leif-Erik Stuhaug, Artur Søgner, Per-Kristian Langlie, Asbjørg Løken, Målfrid Marie Bruland, Rigmor Bjørkedal, Irene Kjøsnes Bu, Berit Holsæter Grane, Eli Astrid E. Ryen, Margit Mehl, Signe Mehl, Sigrun Gjelsvik og Vegard Følling Slettemark.

Torader: Kjell Bjarte Vonen, Marit Fimland, Einar Eimhjellen, Leif-Erik Stuhaug, Magn Jarl Stubhaug, Sigvor Mortensbakke, Per-Kristian Langlie, Solfrid Carlsen, Karl Helge Åsen, Jorunn Frøyseth, Trygve Hauge, Anita Skildheim, Anne-Helen Leknes, Gunn Johanne Skår, Oddleiv Hjellum og Inger Birkås. På Øvingane deltek også Kåre Lunde og Jarle Lundekvam frå Gaular.

Trekkspele: Oddleiv Hjellum, Jøran Vallestad, Emil Horstad og Jon Sæle.

Gitar: Marit Eimhjellen.

Kontrabass: Anne Grete Hukset, Odd Øverøyen, Kjell Skaflestad og Steinar Husjulien.

Øvingar

Tradisjonslaget: Spelar hardingfele, trekkspele, gitar, kontrabass og toraderar. Dei øver på Horstad skule annakvar måndag og spelar til onsdagsdansen i Fosshalla annakvar onsdag. Einar Eimhjellen er musikalsk leiar.

Toradergruppa: Spelar toraderar, og komp. Dei øver på Horstad skule annakvar tysdag og spelar til onsdagsdansen i Fosshalla annakvar onsdag. Kjell Bjarte Vonen er musikalsk leiar.

Kappleikar

Fylkeskappleiken i Stryn 14.april

Leif Erik Stuhaug 4. plass Solo hardingfele kl B

Tradisjonslaget 7.plass Lagspel hardingfele senior

Tradisjonslaget 3.plass Lagspel gammaldans senior

Toradargruppa 3.plass Gammaldansgrupper

Gunnar Bolset og Sigrid Gjelsvik, Birgit Gjelsvik og Martin Åmås deltok i dansetevling i vals og hamborgar/polka senior.

Smørbukk-kappleiken

Margit Mehl deltok

Landsfestivalen i Vågå; 1.-4. august

Lagspel: Nr.19. Naustedalen Spelemannslag 150 p

Dans sr: Gunnar Bolset, Sigrid Gjelsvik Naustedalen Spelemannslag

Tilskipingar

Røykjesildkveld

Hos Marit og Einar Eimhjellen på Fimland 9.mai.

Dans og sosial kveld for eldre i Naustdal Kommune 29.mai

Karoline Øksenberg, Ingelin Holme og Annika Bjørset, sjukepleiarstudentar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane arrangerte dans og sosial kveld for dei eldre i Naustdal kommune, saman med Torill Hukset; Frivilligsentralen. Seniordansen i Naustedalen hadde underhaldning.

Sommaravslutning 4.juni

hytta til Oddveig og Oddleiv Hjellum på Kråkeneset 4.juni.

På

Speling på Naustdal alders-og sjukeim 2. sept.

Delar av spelemannslaget deltok

Vårslepp på Trollstova 8.juni

Toradargruppa og tradisjonslaget bytte på å spele til dans.

Spelemannsfest 29. september i Fosshalla.

Gjester var Fana Trekkspillklubb frå Bergen og Førde Trekkspelklubb.

Dans på Trollstova 9.nov.

BUL i Florø inviterer til dans i Trollstova på Ramstadheia. Toradargruppa og tradisjonslaget bytte på å spele til dans.

Juleavslutning 12. desember

På Håjen kafe

Nyttårsfest i Fosshalla 5.januar

Den tradisjonelle romjulsfesten til Naustedalen Spelemannslag flytta til fyrste laurdag etter nyttår. Det var konsert , dans, åresal, kaffi og kaker. Gjestelag var Dalsfjorden Spelemannslag.

Kurs

Mo-kurset

10-15. juli med 2 deltakarar frå spelemannslaget; Margit Mehl og Jøran Vallestad.

Samspelkurs på Sandane:

Instruktør; Helene Myklemyr . Einar Eimhjellen, Jøran Vallestad og Emil Horstad deltok.

Rekruttering

Toraderkurs

Per-Kristian Langlie er instruktør for seks deltakarar.

Nybyrjargruppe i felespel

Leif Erik Stuhaug er instruktør for gruppa på fire unge i alderen 7-12 år.

Møte

Årsmøte i Sogn og Fjordane Folkemusikklag i «Borgja» på Ålhus. Målfrid Marie Bruland og Rigmor Bjørkedal deltok

Heimeside

Studieleiar Signe Mehl administrerar og oppdaterar heimesida til spelemannslaget.

Medieproduksjon

Det vart teke opptak frå Landsfestivalen, kappleikar, kurs, konsertar og lagt ut på YouTube. Einar Eimhjellen legg ut slåttemusikk på e-post til medlemer i spelemannslaget.

Økonomi

Kasserar Oddleiv Hjellum har ført rekneskapen for spelemannslaget. Det er brukt interne revisorar som årsmøtet fastset.

Rekneskapen viser ingen gjeld pr. 31.12.2012. Uteståande hos Naustdal kommune kr. 10000.- som er løyvd til spelekurs. Det var berre ei tilskipping i Fosshalla i 2012. Romjulsfesten vart flytta til januar 2013, der overskotet vart om lag kr.14000.